

PLANSKILDING

Reguleringsendring for del av Moldekleiv

Austbygda

Gnr 27 bnr 75 m.fl

PlanID 1256 1978 0001



1 KOMMUNEN SINE YTINGAR

1.1 OPPSTARTMØTE

Det vart ikkje helde oppstartsmøte då planarbeidet gjaldt eit avgrensa område der formåla ikkje vart endra.

1.2 UNDERVEGSMØTE

Undervegs har kommunikasjon mellom tiltakshaver og kommune forgått via mail og telefon.

2 KOMMUNEN SINE KRAV TIL TILTAKSHAVER

2.1 FAGLEGE KRAV

Planforslaget er utarbeida av Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

2.2 PLANNAMN

Reguleringsendring for del av Moldekleiv, Austbygda, Gnr. 27 bnr. 75 mfl. , PlanID 1256 1978 0001

2.3 KUNNGJERING AV OPPSTART AV PLANARBEIDET

Det vart ikkje meldt oppstart av dette planarbeidet då området ligg innanfor eksisterande godkjent reguleringsplan.

2.4 NABOVARSEL:

Reguleringsendringa vart nabovarsla 07.05.2015. Det kom ikkje merknader til endringa.

3 DAGENS SITUASJON

3.1 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

Reguleringsendringa gjeld området B1 i Reguleringsplan Moldekleiv, Austbygda Gnr. 27 bnr. 75 mfl. B1 er del av eit større reguleringsområde og består av 8 tomter. Feltet ligg lett stigande frå offentleg veg. 5 tomter er bebygd og desse ligg høgast i feltet. B1 ligg i enden av offentleg veg med felles tilkomstveg frå denne og opp til feltet. Tilkomstveg til B1 er opparbeid og vert i dag nytta av tomteeigarar.

3.2 KVIFOR REGULERINGSENDRING:


Eksisterande tilkomstveg vart bygd i samband med første trinn av utbygginga av felt B1. I ettertid viser det seg at vegen ikkje er bygd i samsvar med godkjent reguleringsplan der krav til stigning er max 12.5%. Vegen vart bygd med max stigning 15%. For å stetta kommunale krav om største stigning på ikkje over 12,5 % mellom anna for krav om framkomst til brann- og redningsbil måtte vegen prosjekterast på nytt. Ein kan ikkje endre starthøgda (i eksisterande offentleg veg) eller høgde på vegen ved eksisterande bustader då desse allereie er etablert med innkøyrse.

3.3 AVVIK FRÅ GJELDANDE PLAN:

Det er no regulert inn område for Anna veggrunn 2019 langs vegen mot bustadformåla. Eksisterande fortau er òg regulert inn i planendringa.

Endring som vert gjort ift veg viser ein best ved å synleggjere det med utsnitt frå planane:

Eksisterande plan:



Endringa:



4 VERKNAD AV PLANFORSLAGET

Endringa medfører at noko av tomteareal frå tomt 25 og 27 vert nytta til vegareal. Tomtekvaliteten vert likevel ikkje forringa ved denne endringa. Når ein no legg om tilkomstvegen som synt i plan stettar den dei kommunale krava til stigning på kommunal veg.

Gjeldande føresegner i eksisterande plan vert ikkje endra. Endring gjeld kun plankart.

Datert: 01.06.2016